



Linn Hagesæter
Hakset 67
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1360 - 17/19175

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
26.06.2017

Løyve til riving av driftsbygning i landbruket - gbnr 205/3 Haksæter

Administrativt vedtak. Saknr: 299/17

Tiltakshavar: Linn Hagesæter
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§20-1 bokstav e), 20-2 bokstav b) og 20-4 bokstav b)

Tiltak

Saka gjeld søknad om løyve til riving av driftsbygning som er mindre enn 1000m². Det er opplyst at driftsbygninga har eit bygd areal (BYA) på 220m².

Søknaden omfattar riving av driftsbygninga.

Det vert elles vist til søknad motteken 03.05.2017.

Sakshandsamingsfrist

Siste nabo som er varsla, er varsla den 02.05.2017. 14 dagers frist for merknader til nabovarsel gikk ut 16.05.2017.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 18.05.2017 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato, dvs. 08.06.2017.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt



Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

I medhald av reglane i pbl. § 21-3 andre ledd vert det gjeve fritak for varsling til eigarane av gbnr.182/2, 205/2, 206/3, 205/10, 203/3, 182/3, 205/19. Ein finn at deira interesser ikkje vert råka av arbeidet.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 02.05.2017.

På søknadsskjema er minsteavstand til nabogrense opplyst å vere 60 meter.

Avstand til offentleg veg (kommunal veg) er opplyst å vere 15 meter.

Tilkomst, avkjørsle, parkering, vatn og avløp (VA)

Tiltaket fører ikkje til endra/auka bruk.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser bygning som er søkt riven. Det ligg føre fotodokumentasjon på bygget.

Avfallsplan

Tiltaket har krav til avfallsplan etter byggteknisk forskrift (TEK) § 9-6.

Det er krav til skildring av miljøsanering for tiltaket etter TEK § 9-7.

Sluttrapport med avfallsplan for rehabilitering og riving, blankett 5179, er fylt ut og lagt ved søknaden. Denne vert lagt ved søknad om ferdigattest.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 bokstav e, 20-2 bokstav b og § 20-4 bokstav b jf. byggesaksforskrifta § 3-2 2.ledd bokstav a vert det gjeve løyve til riving av driftsbygning.

Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

- 1. Rivningsplassen skal vere forsvarleg sikra med byggeplass-gjerde jf. pbl § 28-2.**
- 2. Ved søknad om ferdigattest skal det leverast kvittering som dokumenterer at avfall er levert til godkjent deponi jf. pbl § 29-8 jf. byggteknisk forskrift §§ 9-6 og 9-7.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Linn Hagesæter	Hakset 67	5915	HJELMÅS
----------------	-----------	------	---------

Mottakarar:

Linn Hagesæter	Hakset 67	5915	HJELMÅS
----------------	-----------	------	---------